



Reknes Byggjevarer LL
Selvåg
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4184 - 17/11401

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.04.2017

Førebels svar på søknad om ferdigattest - gbnr 55/38 Bruvoll

Kommunen viser til søknad om ferdigattest mottatt 30.03.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vilkåret i byggjeløyvet om at den private stikkleidningen som bygget på eigedomen skal knytast til skal vera slutført med ferdigattest, er ikkje stetta. Det ligg per dato ikkje føre søknad om ferdigattest for dette tiltaket, jf arkivsak 15/758. Lindås VVS NT AS er ansvarleg søker.

Søknaden om ferdigattest for gbnr 55/38 vert lagt på vent i påventa av at den etablerte private vassleidningen vert slutført med ferdigattest. Dersom søknad om ferdigattest for vassleidningen ikkje er mottatt innan 15.06.2017 vert søknad om ferdigattest for bustad på gbnr 55/38 handsama ut frå dei opplysningane som ligg føre.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Kopi til:

Inger Anne og Tommy Andersen

Hetlhovda 14A

5956

HUNDEVIN

Mottakarar:

Reknes Byggjevarer LL

Selvåg

5986

HOSTELAND